



Øystre Slidre kommune

Næring plan og byggesak

Bygginvegen 1989 2940 Heggenes

Helge Evensen Bjørkum

Delegert sak

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Arkiv:

Vedtaksdato:

NETMAL - 26/1285 2/11, 2/16, L05

13.08.2026

Saksnr.	Utval
227/26	Kommunedirektør v/ næring plan og byggesak
201/26	Kommunestyret

Svar på søknad om fritak frå buplikt

Vedtak

Kommunedirektøren v/ Leiar av Næring, plan og byggesak gjev Helge Evensen Bjørkum fritak frå buplikta på eigedom 3453-2/11 og 2/16, jf. Konesesjonslova § 9. Konesesjon og fritak frå buplikt vert gjeve på følgjande vilkår:

- Fritak frå buplikt følgjer person, ikkje eigedomen
- Eigedomen skal ikkje bruksendrast frå bustad til fritidsbustad i matrikkelen. Ved eit framtidig eigarskifte vil buplikta på nytt tre i kraft, jf. Konesesjonslova § 7 og jf. Forskrift om nedsett konesesjonsgrense for Øystre Slidre kommune § 2.

Bakgrunn for saka

Helge Evensen Bjørkum søker om fritak frå buplikta på eigedom 3453-2/11 og 2/16.

Saksopplysningar

Helge Evensen Bjørkum overtar eigedom 2/11 og 2/16. Evensen Bjørkum opplyser i sin søknad at eigedomen har vore i familien sin eige gjennom fleire generasjonar og er tidlegare gard og bustad til søkjar si oldemor.

Søkjar opplyser vidare at det ikkje har budd nokon i bustadhuset på om lag ti år og at bustadhuset over lenger tid ikkje har vorte nytta som heilårsbustad. Vidare i søknaden kjem det fram at skorsteinen har fått avvik og bruksforbod, og at bygninga ligg svært nær fylkesvegen. At bygninga ligg så nær fylkesvegen fører til gjentatte belastningar og skadar som følge av brøyting på vinteren. Av denne grunn har bustaden ikkje vorte nytta som fritidsbustad.

Søkjar opplyser at det er fleire år sidan bustaden har hatt straumforsyning eller aktiv tilknytning til straumnett. Etter søkjar si vurdering framstår det ikkje som hensiktsmessig å foreta omfattande rehabilitering av eksisterande bygg då dei grunnleggande utfordringane er knytt til plassering nær fylkesvegen.

Søkjar ynskjer tid til å vurdere den mest hensiktsmessige langsiktige løysinga for eigedomen, inkludert moglege tiltak knytt til eksisterande bygning og framtidig bruk.

Vurdering

Det blir vurdert at bustaden på eigedomen er i så dårleg stand at det ikkje er mogleg å busette seg på eigedomen. Ved vurdering av søknaden, må det leggjast vekt på omsynet til busetjinga i området, eigedomen sin karakter og ressursgrunnlag, søkjaren sin tilknytning og livssituasjon, og om eigedomen høver seg som heilårsbustad.

Administrasjonen har gjennom dokumentasjon vurdert at bustaden ikkje er i ein sik stand at det er rimeleg å krevje at eigar buset seg på eigedomen no, og at buplikta ikkje kan oppretthaldast. Vidare vurderer administrasjonen at det ikkje ligg føre tilstreккеlege samfunnsmessige omsyn som tilseier at buplikta bør fasthaldast i dette tilfellet. Det er heller ikkje dokumentert at søkjar har realistiske planar om å setje bustaden i stand innan rimeleg tid, og det er derfor ikkje grunnlag for å gi utsett frist for oppfylling av buplikta i staden for fritak. Kommunedirektøren vurderer at det ligg føre særlege grunnar som tilseier at buplikta bør falle bort, jf. konsesjonslova § 9.

Nedsett konsesjonsgrense i kommunen står sterkt. For å unngå at bustader vert nytta som fritidsbustader, har Øystre Slidre kommune forskrift om nedsett konsesjonsgrense. Kommunedirektøren understrekar at eigedomen ikkje vert bruksendra frå bustadhus til fritidsbustad. Ved eit eventuelt framtidig sal av eigedomen, må det på nytt takast stilling til spørsmål om buplikt. Om då eigedomen er av ein slik stand at det kan krevjast buplikt, vil det ikkje bli gjeve løyve til fritak frå buplikta.

Konklusjon

Kommunedirektøren vurderer, med grunnlag i opplysningar om eigedomen og dei vurderingane som er gjort, at det ligg føre særlege grunnar som tilseier at det kan bli gjeve fritak frå buplikta ved denne overdraginga, jf. konsesjonslova § 19. Det skal setjast vilkår om at eigedomen ikkje skal bruksendrast til fritidsbustad i matrikkelen. Vidare skal det gå fram at buplikta vil tre i kraft ved eit framtidig eigarskifte, dersom eigedomen tilfredsstiller krava til heilårsbustad.

Vi gjer merksam på at det er høve til å klage på vedtaket, jamfør forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunktet meldinga om vedtak er kome fram til klagar. Ev. klage skal setjast fram skriftleg til Øystre Slidre kommune, vise kva for vedtak det klagast over og kva for endring ein ynskjer i vedtaket. Kommunen kan gje nærare rettleiing om framgangsmåten ved klage. Partar har rett til å sjå dokumenta i saka, jamfør forvaltningslova §§ 18 og 19

Med helsing

Malin Kyrkjeeide Neteland
Landbruksrådgjevar

Vedlegg

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og sendt utan underskrift, i samsvar med våre rutinar